

Møteprotokoll

Utval: Ørsta Kontrollutval
Møtestad: Ørsta Rådhus - Vartdalsfjord og Ørstafjord
Dato: 02.03.2022
Tid: Kl. 13:00 – 15:15

Medlemmar som møte	Representerer	Funksjon
Hilde Aambakk		medlem
Jetmund Øye		nestleiar
Sven Castberg		leiar
Sylvi Gulla Hovdenakk		medlem
Tore Thon		medlem

Andre som møte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, Dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, Konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Bodill Skeide, Dagleg leiar/revisjonssjef.

Ørsta kommune:

Eldar Øye, Assisterande Kommunedirektør. I sak 4 OS 01.

Inger Johanne Løeng, Konsulent politisk sekretariat. I sak 4 OS 01.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
01/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/3
02/22	Godkjenning av protokoll	22/3
03/22	Skriv og meldingar	22/3
04/22	Orienteringar	22/3
05/22	Gjennomgang av møteprotokollar 2021	22/3
06/22	Gjennomgang av møteprotokollar 2022	22/3
07/22	Årsmelding for kontrollutvalet 2021	22/99
08/22	Møteplan for kontrollutvalet 2022	22/100
09/22	Årsplan for kontrollutvalet 2022	22/101
10/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/3

Ørsta, 08.03.2022

Sven Castberg
Leiar i kontrollutvalet

01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

02/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

03/22 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/22	KMD-Forskrift om lukket møte som fjernmøte
02/22	Kontrollutvalsboka 3-utgave
03/22	Kritiske spørsmål i jobbsamheng
04/22	Offentlege søkjarlister
05/22	Åpenhetsbarometeret 2021
06/22	Råd om etisk standard i foretak og selskap
07/22	Tredobling antall dataangrep 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

04/22 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/22	Kommunedirektøren - Orientering om vedtaksoppfølging
02/22	Seksjonsleiar barnehage - Orientering om sektoren

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende. Kontrollutvalet registrerer at vedtaksoppfølginga har forbettringspotensiale og at kommuneadministrasjonen arbeider vidare med forbetringar.

Behandling:

01/22. Ass. kom. dir. Eldar Øye og konsulent politisk sekretariat Inger Johanne Løeng orienterte og svarta på spørsmål. Kontrollutvalet og dei som orienterte kom med forslag til forbetringar.

02/22. Seksjonsleiar barnehage hadde ikkje høve til å møte.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

05/22 Gjennomgang av møteprotokollar 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

06/22 Gjennomgang av møteprotokollar 2022

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

07/22 Årsmelding for kontrollutvalet 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgande forslag til vedtak: Kommunestyret godkjenner årsmeldinga 2021 for kontrollutvalet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgande forslag til vedtak: Kommunestyret godkjenner årsmeldinga 2021 for kontrollutvalet.

08/22 Møteplan for kontrollutvalet 2022

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplan for kontrollutvalet 2022 i samsvar med sekretariatet sitt forslag.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet vedtek møteplan for kontrollutvalet 2022 i samsvar med sekretariatet sitt forslag.

09/22 Årsplan for kontrollutvalet 2022

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsplanen for 2022 slik den ligg føre.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet vedtek årsplanen for 2022 slik den ligg føre.

10/22 Saker til eventuell seinare behandling

Vedtak:

1. Kontrollutvalet stiller følgjande spørsmål til kommunedirektøren, og ber om tilbakemelding til møte i kontrollutvalet den 25.04.2022, samt orientere i møtet:

a)

- Kva former for oppgåver utfører kommunen sine egne tilsette driftsoperatørar? Har ikkje desse kompetanse og/eller kapasitet til å utføre ei rekke av tiltaka som går fram i rapporten frå Norconsult?
- Har Ørsta kommune ein samansett kompetanse som er i tråd med den ein kommune treng for å kunne drifte bygg og anlegg på eit kostnadseffektivt og fagleg nivå?
- Vert seksjon eigeidom drifta optimalt med den modellen ein nyttar for ansvar for bygg og drift i dag?
- Ut frå Nordkonsult sin rapport finn utvalet 19 saker lista opp som er merka med raudt "Grad 3" strakstiltak. Kva vil det koste å å utbetre desse tiltaka:
 - 3.3.3 Kobling mellom Bygg 1 og omsorgsboliger
 - 3.4.1 Åpen låskasse på branndør (må sette inn låskasse)
 - 3.4.2 Dører mangler magnetholder og dørpumpe
 - 3.4.9 Sjøppelsjakt som ikkje er i bruk må mures igjen
 - 3.4.10 Lagerrom/rømningsvei må byggjes til å være egen brannsoner ved å sette inn branndør
 - 3.4.14 Tøylager/vaskeri må byggjes til å være egen brannsoner ved å sette inn branndør
 - 3.4.16 Vaktmesterkontor med tilkomst rømningskorridor må få branndører
 - 3.4.18 Lager i enden av korridor må få branndør
 - 3.4.21 Dører mot korridor som er rømningsvei må skiftes til branndører
 - 3.4.27 Skifte defekt dørpumpe, dør mot trapperom
 - 3.4.29 Sjøppelsjakt som ikkje er i bruk må mures igjen
 - 3.6.2 Sette inn motoriserte brannspjeld i ventilasjonsgjennomføringer
 - 3.7.2 Skille stueareal mot korridorløp med brannskille og holde korridoren fri for hindringer
 - 3.7.3 Tilrettelegge dør frå dagavdeling til rømningsvei med enkel opning og merking

3.7.9 Oppdatere rømningplaner for hele bygget

3.7.10 Ytterdør skiftes til branddør

3.10.1 Rydde og fjerne materiell som er lagret i rømningsvei og hindrer fri ferdsel (mange bilder og eksempler)

3.10.3 Lukke branddører som nå holdes opne med kiler/objekter (mange bilder og eksempler)

3.10.4 Plassere avfallsdunker bort frå fasader slik at eventuell brann ikkje smitter til byggverk

b) Korleis prioriterer seksjon eiendom løpende oppgåve og kven har ansvaret for at brannforskrifter og andre kritiske forhold blir avdekka, prioritert, fylgt opp og utbetra? Kva krav stiller lovverket til frekvens og dokumentasjon for kontroll og eigenerklæring?

2. Kontrollutvalet kallar inn ordførar og kommunedirektør til møtet den 25.04.2022 for å orientere om kommunen sitt varslingsystem og rutinar for bruk av dette.

Behandling:

Brannsikring Ørstaheimen – Tore Thon orienterte. Tilhøve vedkomande seksjon eigedom – Sven Castberg og Tore Thon orienterte. Kontrollutvalet var også innom korleis kommunen sitt varslingsystem fungerer.

Etter drøfting vart utvalt samde om eit vedtak der dei ber kommunedirektøren gi tilbakemelding på ulike spørsmål, samt at ho og ordførar møter i neste møte for å orientere om varslingsystemet til kommunen.